



Eydis Dalen
Øklandsvegen 240
5580 Ølen

Kontakt saksbehandlar

Birgit Sundbø Hagalid, 51568891

Løyve til utsetting av utanlandske treslag på 285/2 i Vindafjord kommune

Det er søkt om løyve til å plante sitkagran på eit areal på 100 dekar på eigedom 285/2 i Vindafjord kommune i Rogaland. Statsforvaltaren vurderer at planting av sitkagran på det gjeldande feltet utgjer liten risiko for uheldige følger for naturverdiane i området, og gir løyve til planting med heimel i forskrift om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksformål § 5. Det er sett vilkår til løyvet.

Me visar til søknad mottatt 11. november 2020 om løyve til utsetting av sitkagran (*Picea sitchensis*) til skogproduksjon.

Bakgrunn

Det er søkt om plante 25 000 sitkagran på eit areal på 100 dekar på eigedom 285/2 i Vindafjord kommune. Føremålet med å plantinga er skogproduksjon og skogeigar legg fram at området er prega av mykje nedbør og at arealet er mindre eigna til produksjon av andre treslag på grunn av mykje vatn. Vidare nemner skogeigar beiteskadar på plantingar av gran som ein orsak til å plante sitkagran. På feltet har det tidlegare stått bestand av sitkagran, lerk (ukjent art) og gran som blei avverka hausten 2020. Skogeigar forventar oppslag av naturleg forynga sitkagran på feltet, men har ikkje sett spreieing av sitkagran av betydning i hovudvindretningen frå feltet. Tidlegare er det ikkje gjort tiltak for å hindre spreieing, men skogeigar vil gjennomføre skjøtsel av skogen for å hindre eventuell spreieing i framtida.

Heimel

Utsetjing av utanlandske treslag krev godkjenning frå Statsforvaltaren i samsvar med forskrift om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksformål § 5, jf. naturmangfaldlova kap. IV. Føremålet med forskrifta er å hindre at planting av utanlandske treslag gir uheldige konsekvensar for naturmangfaldet, jf. § 1 i naturmangfaldlova.



Det er sentralt å sikre at forvaltingsmåla for naturtypar og artar ikkje blir truga av dei utanlandske artane, direkte eller indirekte, jf. naturmangfaldlova §§ 4 og 5. Alle offentlege vedtak som kan ha verknader for naturmangfaldet skal vurderast etter naturmangfaldlova §§ 8-12. I tillegg Statsforvaltaren har lagt vekt på andre viktige samfunnsinteresser, jf. § 14.

Ved vurdering av ein søknad om utsetting skal ein leggja vekt på eventuelle uheldige følgjer for naturmangfaldet, inkludert særleg uheldige følgjer for biologisk mangfald, jf. forskrifta § 7 første ledd. Det er ikkje heimel for å gi løyve dersom det er grunn til å tru at utsettinga kan føre til vesentlege uheldige verknader på det biologiske mangfaldet, enten på sjølve utplantingsområdet eller på området utanfor utplantingsområdet. Statsforvaltaren har difor vurdert moglege naturverdiar på sjølve plantefeltet, og om ein kan forvente spreieing av treslaget som kan gi uheldige følgjer for spesielle naturverdiar (truga artar, viktige naturtypar eller verneområde) i området rundt plantefeltet.

Kunnskapsgrunnlag

Om kunnskapsgrunnlaget (nml § 8)

Me finn tilfredsstillande kunnskap om naturmangfaldet på arealet som er søkt planta og områda rundt, og god kunnskap om det omsøkte treslaget. I vår vurdering har me nytta opplysningar frå Naturbasen, Temakart Rogaland, Artskart og Artsdatabanken si Fremmedartsliste 2018. For å undersøke bonitet, jordsmonn, vekstvilkår og naturverdiar var me på synfaring i saman med skogeigar og skogbrukssjefen i Vindafjord kommune i og rundt feltet som er søkt planta til den 17.12.2020. I tillegg har me vurdert anna vitskapeleg litteratur om treslaget. Statsforvaltaren vurderer at det er tilstrekkeleg vitskapeleg og erfaringsbasert kunnskap i denne saka, jamfør nml § 8.

Om sitkagran

Sitkagran har sin naturlege utbreiing på vestkysten av Nord-Amerika. På grunn av den høge vind- og salttoleransen er treslaget nytta under skogreisinga langs kysten, fyrst og fremst på Vestlandet og i Nordland. I Artsdatabanken si fremmedartsliste frå 2018¹ er sitkagran vurdert til å ha «svært høg risiko» (SE) med stort invasjonspotensiale og høg økologisk effekt. Treslaget har vist evne til å spreie seg inn i forstyrta areal, kystlynghei, eng, nokon typar skogsmark, beitemark og myr. Spreiinga inn i opne kulturpåverka og tørre areal og boreal hei kan lokalt vere betydeleg.

Rapporten M-1378 «Utredning av forbod mot utsetting av utanlandske treslag til skogbruksformål» frå Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet legg fram at den økologiske effekten av sitkagran er avhengig av tettleiken av etablerte tre og naturtype. Under norske forhold er lokal utskygging av bakkevegetasjon, mosar og lav den best dokumenterte effekten. I slutta bestand i Noreg og Europa finn ein færre mosar og lav, og like mange eller fleire artar av smågnagarar og fuglar som i bestand med gran.

Den same rapporten legg fram at sitkagrana er tilpassingsdyktig. Den trivst godt under kystklimaforhold med mykje og sterk vind. Den toler salt-dreveepisodar, men er relativt følsom for tørke og frost. Den har større frøproduksjon og mindre frø enn gran, eigenskaper som favoriserer spreieing av frø. Sannsynlegheita for etablering er styrst på mark med mindre konkurranse av anna vegetasjon. På dyrka mark, i velskjøtta kystlynghei og i tett skog er etableringa avgrensa.

¹ <https://artsdatabanken.no/fremmedarter/2018/N/537>



Hovedtyngden av etablering skjer innanfor 200 meter frå morbestandet og tettheita blir raskt redusert med avstand.

DN-utgreiing 8-2012 «Kunnskapsstatus for spredning og effekter av fremmede bartrær på biologisk mangfold» beskriv grensa for kortdistansespreiing av til å vere 80 meter. Estimert spreingsdistanse av frø er opptil 1739 meter ved vindhastigheit på 10 m/s, og 3477 meter ved 20 m/s.

Det er gjennomført fleire undersøkingar av spreiring av utanlandske bartre i Rogaland^{2,3}. Rapportane viser at spreiringa på dei fleste lokalitetar er konsentrert inntil 200 meter frå morbestandet. Lokalt kan spreiringa vere tett. Det er også registrert langdistansespreiing i form av enkelttre. Spreiring er registrert i kystlynghei, myr, eng og skog.

Om utplantingsfeltet

På feltet som er søkt planta til har det tidlegare stått eit bestand av gran, sitkagran og lerk (ukjent art). Bestandet blei hogd desember 2020. Under synfaring opplyste skogeigar at det meste av bestandet var omkring 50 år, noko som ein også kan sjå av flybilete frå 1970-talet (gardskart.no). Vidare opplyste skogeigar at det var noko vindfall og hjorteskader før avverking, og me såg hjortetråkk fleire stader i bestandet.

Synfaringa viste at marka er svært fuktig, og botnvegetasjonen var dominert av mose, deriblant bjørnemose og torvmose. Tilgrensa område hadde botnvegetasjon av blåbærlyng. Artane indikerer at området er fuktig og kalkfattig. Stubbane av sitkagran viste god vekst. Skogeigar opplyste at grana som stod i same bestandet hadde avgrensa vekst og stura. Boniteten er høg til særst høg. Skogbruksplanen frå 2018 viser bonitet G20. Arealet ligg i ei helling mot nordaust omkring 260 meter over havet. Hellinga endar i ein dal som går frå nordvest mot søraust. Det går bilveg i dalen og det er enkel tilgong til arealet.

Det er ikkje registrert norske ansvarsartar eller truga artar på området som skal plantast til. Skogeigar har skogbruksplan frå 2018 og det er ikkje nøkkelbiotopar eller livsmiljø på feltet. Det har ikkje kome fram opplysningar som kan tyde på at det finst andre artar eller naturtypar som det er eit ansvar for å ta vare på, jamfør forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5, på sjølve utsettingsområdet.

Området rundt plantefeltet

Plantefeltet ligg i eit kupert terreng med jordbruk, skogbruk og utmark. Eigedomsstrukturen er klassisk vestlandsk med langstrakte teigar frå dalbotn og opp lia.

Områda innanfor ein radius på 200 meter frå plantefeltet er prega av jordbruk og utmark (figur 1). Mot vest ligg eit nytt hogstfelt, innmarksbeite, fulldyrka og overflatedyrka mark. På hogstflata stod det tidlegare gran. Feltet skal så langt skogeigar veit omdisponerast til beite. Mot aust ligg tilsvarende jordbruksareal og det er planlagt og starta nydyrking på naboeigedommen. Like nord for arealet ligg eit lite holt med bjørk. På andre sida av vegen nord for feltet står eit bestand med

² Appलगren, L., 2017. Kartlegging av kortdistansespredning av fremmede bartrær i Rogaland 2018. Ecofact rapport 644.

³ Appलगren, L. & Torvik, S.E. 2017. Kartlegging av kortdistansespredning av fremmede bartrær i Rogaland og Hordaland. Ecofact rapport 607




sitkagran, gran og nokon få lerketre. Sitkagrana i bestandet er i god vekst. Grana er av avtagande vekst jamfør toppskot. Ut frå flybilete ser det ut til at bestandet er planta omkring 10-15 år etter skogen som no er hogd (gardskart.no). Sør for arealet ligg utmark prega av open, eldre bjørkeskog som går over i opent landskap mot sør. Området blir beita av storfe.

Skogeigar og skogbrukssjef opplyste om at vinden oftast kjem frå søraust, men at dei sterkaste stormane kjem frå nord, noko som viser igjen i vindfalla i området. I søknaden er det opplyst at det ikkje er registrert spreiring av sitkagran av betydning i herskande vindretning frå feltet. Under synfaring såg me omkring 10-15 naturleg forynga gran og sitkagran i bjørkeholtet nord for feltet, og to-tre spreidde planter av sitkagran i utmarka sør for feltet.

Innanfor ein radius på 2 km finn ein jordbruksareal, eldre skogbestand av sitkagran, gran og lerk, slutta bjørkeskog og utmarksområde. Området er kupert med fleire dalfører og høgder opp mot 540 meter over havet. I søknaden oppgir skogeigar at det er verneområde i nærleiken av arealet som er søkt planta til. Skogeigar viser her til vernskogen som startar på 350 moh. nord og sør for plantefeltet. Skogbruksaktivitet i vernskogen er regulert gjennom eigne reglar som inneberer mellom anna meldeplikt før hogst. Me vurderer at vernskogreglane for Vindafjord kommune ikkje har føringar som er av betydning i denne saka.

Det er ikkje registrert norske ansvarsartar eller truga artar som vil bli påverka av ei planting. Ei heller naturtypar og verneområde, eller nøkkelbiotopar og livsmiljø jamfør skogbruksplanen.



Figur 1: Kart over det omsøkte området (raudt) og vernskogområde (grått). Målestokk 1:10 000. Kjelde: Kilden.nibio.no



Samla belastning (nml § 10)

Det er ingen registrerte naturverdiar i nærleiken av plantefeltet, men me gjer likevel ei vurdering av samla belastning jamfør nml § 10. Det er nokon bestand med utanlandske treslag i området rundt arealet som er søkt planta, men me såg lite til ingen spreiding til utmark og område utan menneskeleg påverking og aktivitet.

Under synfaringa observererte me at det tidlegare har vore planta tett inntil vassdraget som går i dalbotnen nord på feltet, og høva på feltet tyda på at det var avgrensa med lauvbasert kantsonevegetasjon her i førre omløp. Då ein ikkje skal sette igjen tre av utanlandske treslag ved hogst jamfør forskrift om utsetting av utanlandske treslag og PEFC skogstandard 2015 blei hogsten gjennomført tett inntil vassdraget. Under synfaringa såg me avrenningar i vassdraget noko som kan vere uheldig for naturmangfaldet der. Ved eit nytt omløp med barskog vil det vere gunstig å opparbeide eit naturleg vegetasjonsbelte som kan motverke avrenning og fungere som levestad for planter, insekt og dyr.

Ut over dette såg me eller kjenner me ikkje til andre inngrep eller framande artar som påverkar området, og me vurderer den samla belastninga i området til å vere låg.

Andre viktige samfunnsinteresser (nml § 14)

Arealet som er ønskt planta er av høg bonitet og svært fuktig. Det eignar seg godt til skogproduksjon med treslag som utnyttar produksjonsevna. Det er god vegtilgong og det vil ikkje krevje nye investeringar i veg for å hente ut tømmeret i framtida. Å plante med eit treslag som kan utnytte produksjonspotensialet vil kunne gje betre verdiskaping for skogeigar og samfunnet. Planting gir positiv klimateffekt med binding av karbon i trevirket og mogleg substitusjonseffekt om virket blir brukt i produkt som erstattar fossilt råstoff⁴. Det vil også bidra til den framtidige tilgangen på skogråstoff. Sitkagran blir brukt i alle typar sluttprodukt på same måte som gran.

Alternativet til å plante sitkagran vil vere å plante vanleg gran. Ut frå forholda på feltet vil det å plante gran truleg redusere produksjonen og økonomien på arealet. Erfaringane frå bestandet som tidlegare stod på feltet og nabobestandet er at sitkagrana var i god vekst samstundes som grana hadde avtakande vekst. Orsaka til dette er ikkje nærare undersøkt, men erfaringane gir ein indikasjon på kva treslag som er betre eigna til å produsere tømmer og binde karbon på det gjeldande feltet.

Litteraturen viser at på høge bonitetar kan sitkagran ha omkring dobbel så stor produksjon som gran. Eksempelvis vil eit treslagskifte frå gran til sitkagran kunne gje ei bonitetsheving på 3-4 høgdebonitetsklassar med ein gevinst i produksjonsevne på 0,3-0,4 m³/da/år⁵. Med bakgrunn i dette vurderer me at sitkagran vil vere eit betre eigna alternativ samanlikna med å plante gran på dette arealet med tanke på produksjonen i bestandet, karbonbinding og verdiskaping.

⁴ Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet. M-1378 Utredning av forbod mot utsetting av utenlandske treslag til skogbruksformål.

⁵ Øyen mfl. Vekst og produksjon av treslag i kystskogene.



Statsforvaltaren si vurdering

Me vurderer at me har tilstrekkeleg kunnskap om treslaget og naturmangfaldet i området til å gjere eit vedtak, jf. nml § 8.

Rundt plantefeltet er det hovudsakeleg landbruksareal med jord- og skogbruk, og utmark. Jordbruksareala er halde i hevd og er i aktiv drift. Me vurderer at risikoen for og belastninga frå eventuell kortdistansespreiing til jordbruksareala til å vere liten.

Me observerte tilnærma ingen spreiiing inn utmarksområdet sør for arealet under synfaringa sjølv om bestandet som stod på arealet tidlegare har nådd ein alder der det kan sette kongler med spiredyktige frø. Området er prega av open bjørkeskog som går over i opent landskap, og basert på kunnskapen om sitkagrana si etableringsevne kan me likevel ikkje utelukke at sitkagran vil kunne etablere seg her frå eventuell kortdistansespreiing av frø.

Me kan heller ikkje utelukke at det vil førekomme langdistansespreiing av frø med vinden til open utmark lenger frå bestandet. I kva grad frøa vil kunne spire og etablere seg er usikkert. Vernskoggrensa indikerer at det kan vere utfordrande å få opp skog i desse områda. Det er ikkje registrert naturverdiar i området. Me vurderer at den samla risikoen for at kort- og langdistansespreiing av frø vil føre til etablering av sitkagranplanter som kan vere ein fare for naturmangfaldet til å vere liten.

Det er fleire skogbestand av utanlandske treslag i området, og det er sitkagran som er hogd på arealet som er søkt planta. Under synfaringa såg me eit fåtal planter av sitkagran som hadde etablert seg i nærområdet. Den samla belastninga på området vurderer me til å vere låg, og me kan ikkje sjå at den vil auka monaleg som følgje av plantinga.

I ei samla vurdering meiner me at planting av sitkagran på det gjeldande feltet i liten grad gir risiko for uheldige følger for naturmangfald i området. Samtidig eignar feltet seg godt for skogproduksjon med tanke på beliggenheit og bonitet. Ut frå kunnskapen me har om skogen som stod på arealet tidlegare og forholda på feltet ser me det som sannsynleg at planting med sitkagran vil kunne gi betre produksjon, karbonbinding og økonomisk vinning enn planting med gran.

Ved eit løyve vil det bli sett vilkår for å hindre eventuelle negative verknadar på naturmangfaldet, deriblant fjerning av planter som eventuelt spreier seg utanfor plantefeltet i framtida. Me kan ikkje sjå at eigedomsstrukturen vil vere eit betydeleg hinder for å gjennomføre eit slik tiltak då områda som er mest utsett for spreiiing ligg på skogeigar sin eigedom. Me kan heller ikkje sjå at reglane for skogbruksaktivitet i vernskogområda påverkar eller avgrensar skogeigar sin moglegheit til å gjennomføre tiltak for å hindre etablering av sitkagran. Med tanke på at det var lite naturleg kantvegetasjon ved vassdraga i tilknytning til plantefeltet må ei nyplanting skje på ein slik måte at ein kan utvikle eit naturleg vegetasjonsbelte som kan motverke avrenning og fungere som levestad, jamfør vassressurslova og forskrift om berekraftig skogbruk. Dette er også eit kravpunkt i PEFC skogstandard 2015.

Forutsett av vilkåra blir fulgt meiner me at tiltaket gir liten eller ingen negative følger på naturmangfaldet, og vår samla vurdering er at me kan gi løyve til planting på det gjeldande arealet.



Vedtak og vilkår

Statsforvaltaren gir med dette løyve til å plante 25 000 planter av sitkagran på eit område på 100 dekar på gnr/bnr 285/2 i Vindafjord kommune. Området er merka av på kart vedlagt vedtaksbrevet.

Dette løyvet er **gyldig i 5 år** frå den dato brevet er datert. Dersom tiltaket ikkje er gjennomført innan fristen, og det ikkje ligg føre søknad om utsett frist, vert løyvet automatisk trekt tilbake.

Løyvet blir gjeve på følgjande vilkår:

- Skogeigar pliktar å begrensa spreieing av sitkagran for plantefelta. Spreieing innanfor eigen eigedom skal fjernast av skogeigar. Ved spreieing til andre eigedommar må skogeigar om mogleg hente inn samtykke frå grunneigarar av naboeigedommar til å fjerne etablerte planter.
- Plantinga skal skje på ein slik måte at ein kan utvikle og ivareta eit naturleg vegetasjonsbelte som kan motverke avrenning og fungere som levestad langs bekkar og vassdrag i tilknytning til plantefeltet. Dette inneberer å ikkje plante utanlandske treslag inntil vassdrag.
- Ved overdraging av eigedomen må ny grunneigar gjerast kjend med dette dokumentet og vilkåra som er sett⁶.
- Bestandet skal seinast hoggast ved biologisk hogstmoden alder.
- Det skal ikkje settast att livsløpstre eller frøtre ved hogst av bestandet⁷.
- Skogeigar skal gjennom internkontroll etablere rutiner for å sikre at avvik frå forskrifta eller vilkåra i dette brevet ikkje skjer⁸. Dokumentasjon på internkontroll skal leggjast fram på førespurnad.
- Plantinga skal ikkje utførast før tidlegast ei veke etter klagefristen er ute og ein eventuell klage er ferdig handsama.

Forskrift om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksformål krev at den som er ansvarleg for utsettinga skal opptre aktsamt og treffe tiltak for å hindre spreieing av utanlandske treslag. Det er tiltakshavar som må dekke kostnadane ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet⁹. Dette omfattar tilsyn og fjerning av tre som eventuelt har spreidd seg ut frå plantefelta.

Me oppmodar skogeigar til å fjernar planter av sitkagran på eigen eigedom som har spreidd seg til naturleg til område rundt feltet som er søkt planta slik at desse ikkje bidreg til spreieing av frø i framtida.

Me vil minne om at det er skogeigaren sitt ansvar å sjå til at alle tiltak i skogen blir gjennomførte i samsvar med lov og forskrift, jamfør skogbrukslova § 4. Dette løyvet er gitt med heimel i forskrift om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksformål. Anna viktig lovverk og føringar for skogproduksjon er skogbruksloven, forskrift om berekraftig skogbruk og kulturminnelova. Legg spesielt merke til vassressurslova § 11 om kantsonar og forskrift om fysiske tiltak i vassdrag. I dei fleste tilfelle vil også kravpunkta i Norsk PEFC Skogstandard 2015 vere gjeldande.

Kopi av vedtaket blir sendt til kommunen som lokal skogbruksmyndigheit.

⁶ Forskrift om utsetting av utanlandske treslag § 9

⁷ Forskrift om utsetting av utanlandske treslag § 8

⁸ Forskrift om utsetting av utanlandske treslag § 10

⁹ Naturmangfoldloven § 11



Kontroll

Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet fører tilsyn med at utsetting av utanlandske treslag skjer i samsvar med bestemmingane i forskrifta. Dette inkluderer tilsyn dokumentasjon på internkontroll og med område utsett for eventuell spreiding frå plantefelta.

Klagerett

Skogeigar kan klaga på vedtaket innan 3 veker etter å ha mottatt dette brevet, jf. forvaltningslova sine reglar. Ein eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren i Rogaland. Dersom Statsforvaltaren ikkje gjer om eige vedtak, skal klagen handsamast av Miljødirektoratet.

Med helsing

Geir Skadberg
landbruksdirektør

Birgit Sundbø Hagalid
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg

- 1 Vedlegg - kart over tiltaksområdet

Kopi til:

Vindafjord kommune Rådhusplassen 1 5580 Ølen
Nortømmer AS